

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2017	Formannskapet i Radøy	PS	16.03.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/15	17/2249

Søknad om midlar til grusing av turveg frå Storheimstemma

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Vetås bygdelag søker om kr 20 000 i støtte til grusing av turveg frå Storheimstemma til gnr 85/8, ein strekning på om lag 1 kilometer. Stipulerte utgifter til innkjøp av materiell og leige av utstyr er på kr 230 000. Alt arbeidet skal gjerast på dugnad, totalt omlag 250-300 timer. Bygdelaget har fått kr 50 000 i støtte frå Gjensidigestiftelsen til same prosjektet.

Vurdering

Turvegen frå Storheimstemma og sørover er ein del av eit stort, samanhengande friluftslivsområde som strekkjer seg frå Storheimstø, Storheimstemma og Haukeland heilt inn til Vetås, og Soltveit og Fjellsende i Lindås kommune. I dette området ligg dei populære turmåla Grønfjellet, Peprane og Hestefjellet, samt gamlevegen frå Haukeland til Soltveit i Lindås kommune. I 2017 har kommunen saman med Vetås bygdelag søkt midlar frå turskiltprosjektet til skilting av stiane til Peprane og Grønfjellet. Tidlegare er gamlevegen og stiane til Hestefjelet skilta. Området er i kartlegginga av friluftslivsområde vurdert til å vera viktig (B).

Strekningen som det er søkt midlar til oppgradering av er markert med grøn farge. Stiar markerte med blå er søkt om midlar til skilting og merking. Stiar markerte med lilla er allereie rydda, skilta og merka.



Turvegen frå Storheimstemma og sørover er ein gammal markaveg der delar av strekninga er svært blaut og vanskeleg å nytta for turgårarar og andre. Vetås bygdelag har fått løyve frå alle

grunneigarane til å utbetra denne markavegen til turveg, og har allereie gjort ein stor dughadsinnsats med å rydda området, drenera og grøfta ved vegen, slik at den no er nokså tørr å gå på. Dei søker no kommunen om midlar til grus slik at vegen kan gjerast betre tilgjengeleg også for personar med rullestol, barnevogn eller sykkel.

Rådmannen er imponert av den store dughadsinnsatsen som er lagt ned av Vetås bygdelag på turstiane i området og meiner det er viktig at kommunen støttar opp om slike initiativ. I budsjettet for 2017 er det sett av kr 40 000 til turstiar i kommunen (inkludert prosjektet «På tur i Radøy). Rådmannen meiner at delar av denne potten kan nyttast til grusing av turvegen frå Storheimstemma og sørover, og foreslår at kommunen gjev kr 20 000 i tilskot til dette prosjektet. Det bør vera ein føresetnad for støtta at alle grunneigarar skriv under standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar.

Konklusjon

Turvegen frå Storheimstemma er ein del av eit stort og viktig turområde, og tiltaket Vetås bygdelag har søkt midlar til vil heva kvaliteten på turstiane og opna opp området for endå fleire personar. Rådmannen meiner at kommunen bør støtte tiltaket med kr 20 000. Det bør vera ein føresetnad for støtta at alle grunneigarar skriv under standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gjev Vetås bygdelag kr 20 000 i støtte til grusing av turveg frå Storheimstemma og sørover til gnr 85/8. Det vert sett som vilkår for støtta at alle grunneigarar skriv under standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar.

Formannskapet i Radøy - 017/2017

FS - handsaming:

Ordførar Jon Askeland peika på at det aktuelle området er det einaste i kommuneplanen som er utpeikt som såkalla LNFF-område - og dermed er spesielt øyremerkt til friluftsbruk.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune gjev Vetås bygdelag kr 20 000 i støtte til grusing av turveg frå Storheimstemma og sørover til gnr 85/8. Det vert sett som vilkår for støtta at alle grunneigarar skriv under standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar.

Vedlegg:

Budsjett for Markevegen
Oversikt over kostnader
Samtykke frå grunneigarar
Søknad til Radøy Kommune